


Gjermund Gjerdessmett

og andre føykne fuglar

LISBETH DREYER
PER RAGNAR MØKLEBY



Utgitt med støtte frå Norsk kulturråd.

TEKST: Lisbeth Dreyer

ILLUSTRASJON: Per Ragnar Møkleby

GRAFISK FORM: Øystein Vidnes

FONT: Tisa Pro og Ohno Blazeface

PAPIR: 150 g Arctic Volume White

TRYKK OG INNBINDING: Balto Print

© SKALD 2023

www.skald.no

ISBN 978-82-7959-342-3



LISBETH DREYER



Gjermund Gjerdesmett

og andre føykne fuglar

Illustrert av

PER RAGNAR MØKLEBY



SKALD 2023



Gjermund Gjerdesmett

Nei, eg har ikkje knekt stjerten
den berre står sånn den, rett opp
og eg er travel, eg har fått ferten
av ein snadder-snasen edderkopp

Ja, visst er eg bitte liten
eg er ein bolle-lubben fjørkledd ball
men når eg syng, er eg blant eliten
med min kvitre-trille-tone-trall







Melissa Måse

I brisen og blesten
i kreng mot sørvesten
stampar ein båt
med ein særeigen låt

Det er ikkje smellen
frå dunkepropellen
det er meir som eit ståk
eit blandakorbråk

For der bakom masta
svoltne på lasta
flyr Melissa sin gjeng
som eit båthaleheng

Dei skrik og dei skrålar
dei gryler og gnålar
dei held aldri tyst
dei er lyden av kyst




Karolus Kråke

Eg syng så bra
høyr no
krrrå krrrå
det beste eg har
i mitt repertoar
krrrå krrrå

Eg et jo alt
eg finn
nam nam
i søplete spann
på mark og på strand
nam nam

Eg er smartare enn deg
fang meg!
ha ha
eg ser kva som skjer
eg ser kva du gjer
krrrå krrrå






A large, stylized illustration of a grey goose in flight, its wings spread wide, dominating the foreground. The goose is flying over a bright green, rolling landscape. In the background, several other geese are flying in a clear blue sky. The illustration has a textured, painterly quality.


Gry Grågås

Høgt over hav og skog
i front av ein himmelplog
kjeftar og skvatrar Gry
kom no, heng i å fly!



Så sakkar ho nokre mil
legg seg bak for ein liten kvil
ligg på vinden og kikkar ned
der står nokon og følgjer med

For når grågåsa fer mot nord
som ein plaprande prosesjon
har vinteren tapt sitt grep
dei har sommar og sol på slep



Vi flyr og vi flaksar
kurrar og kraksar
kvitrar og kvekkar
trippar og trekker

så sit vi på trappa
og trillar og trallar
speidar i lufta
og lengtar og kallar

Så jagar vi rundt
seglar og vandrar
svevar og stig
styrtar og landar

Vi vil ikkje inn
i storm eller stille
vi er heime i vind
vi er frie og ville



ISBN 978-82-7959-342-3



9 788279 593423

www.skald.no